

# STOLT SJUKEPLEIAR – KORLEIS OG FOR KVEN?

*Tove Giske, visepresident i NCFI, redaktør for Tidsskrift for fag og tro, førsteamanuensis & fag og forskningssjukepleiar i kombinasjonsstilling ved Haraldsplass Diakonale høgskole og Haraldsplass diakonale sykehus.*

I september i år feira NSF at det er 100 år sidan organisasjonen vart starta. NSF har valt TYDELEG, MODIG & STOLT SJUKEPLEIAR som hovudtema for jubileumsåret. KFSS har også jubileum i 2012. Vi feirar at det er 30 år sidan KFSS vart starta. KFSS har latt seg inspirere av NSF og har valt TYDELEG, MODIG OG STOLT KRISTEN SJUKEPLEIAR som sitt hovudtema for 2012.

I dette nummeret av Tidsskrift for fag og tro har vi særleg fokus på forhold som påverkar det å vere STOLT og det å vere ein STOLT kristen sjukepleiar. I arbeidet med innhaldet i artikkelen har eg reflektert over spørsmål som:

Korleis forstår vi begrepet stolt?

Kva gjer oss stolt i faget vårt?

Kva forhold har ein kristen sjukepleiar til det å vere stolt?

Eg inviterer deg til å vere med å reflektere over desse spørsmåla ut frå eiga erfaring og det som du kan lese om i dei ulike artiklane i dette nummeret av Tidsskrift for fag og tro.

## STOLT

Å vere stolt er eit fenomen det er utfordrande å skrive om.

Slik vi bruker ordet «stolt» i kvardagsspråket gir det både positive og negative assosiasjonar. Om vi går til ordbøker og ser korleis stoltheit vert omtala der, ser vi at å vere stolt kan bety å vere kry over noko eller nokon, å oppleve noko ærefullt eller å bli heidra. Men det kan også bety å vere hovmodig, eller ærgjerrig, noko som ikkje er positivt. Her er det for mykje av det gode og personen framstår som for egoistisk og sjølvoppteken. Ein er ikkje vendt mot andre på ein open eller mottakande måte, men er full av seg sjølv og sitt eige, om nødvendig på bekostning av andre.

Det same finn vi om vi ser på ulike synonym til stolt: betydningsfull, viktig, verdig, rank, edel og overlege, hoven, kry, arrogant. Desse synonyma kan gi oss innsikt i at å vere stolt er ein kombinasjon av noko vi har utført eller stått i som er krevjande eller viktig kombinert med ei haldning i personer til seg sjølv og andre.

Når vi møter kollega som kombinerer dyktigheit med klokskap og viser seg audmjuk, kan vi kjenne på glede og vere stolt over å jobbe saman med ein slik kollega. Andre gangar kan vi seie at ein kollega er stolt og det kan bety at vedkomande ikkje vil innrømme feil, held andre på avstand og er lite åpen i møte med andre. Då vert stoltheit noko negativt som hemmar eit godt kollegafelleskap. Eit viktig spørsmål vert derfor: Kva må til for at stoltheit skal vere positivt?



## STOLTHEIT – DYDANE SI KRONE

For å få meir å reflektere med i forhold til stoltheit i sjukepleien, skal vi sjå på korleis den greske filosofen Aristoteles tenkte om dette fenomenet. Aristoteles er oppteken av dyder og av kva det vil seie å vere vis. Klokskap er for han å leve livet på ein balansert måte, og han ser på stoltheit som alle dyder si krone. For Aristoteles handlar stoltheit om dei store tinga: "Den stolte synes å være den som anser seg selv som verdig til store ting når han faktisk er dem verdig. ... Den som er stolt uten å være verdig til det er tåpelig, og den som tror han er verdig til mye, men ikke er det er oppblåst" (Aristoteles 1999 s. 72, bok IV)

Stoltheit for Aristoteles er å verdsette seg sjølv i forhold til det ein person faktisk er verdig til. Han ser stoltheit i forhold til ære. Den stolte må vere god og vise storheit i kvar dyd. Den stolte rømmer ikkje unna og gjer heller ikkje urett. Den stolte er god og gjer ikkje noko skammelig. Aristoteles ser på stoltheit som dydens smykke. Utan dyd er det

ikkje lett å bære hell utan å bli overlegen og sjå ned på andre. Den stolte utset seg ikkje for unødvendig fare, men han møter gjerne farar og sparer ikkje sitt eige liv om det skulle vere nødvendig. Den stolte yter gjerne hjelp, men liker ikkje å ta imot hjelp. Den stolte hjelper gjerne andre, men ber ikkje sjølv om hjelp. Den stolte er opptatt av sannheit og det å leve åpent og sannferdig. Han gløymer det onde; ”det passer ikke den stolte å ha lang hukommelse, sær- lig for onde ting, men snarere overse dem” (ibid s. 75). Den stolte baktaler heller ikkje og er ikkje opptatt av å bli lovprist av andre.

Aristoteles har ein interessant kommentar til stemmebruk og bevegelse: ”Det synest å være typisk for den stolte å bevege seg langsamt og snakke med en dyp og fast stemme, for den som tar få ting alvorlig, har det ikke travelt, og den som ikke anser noe for stort, er ikke anspent, mens en skjærende stemme og raske bevegelser skyldes begge disse ting” (ibid s. 76).

I følge Aristoteles er den som trur ein kan meir enn ein gjer, oppblåst, ein som overdriv og overvurderer seg sjølv og manglar sjølvkjenning. På den andre sida kan også mennesket også tenke for lite om seg sjølv slik at ein vert utan sjølvkjensle og framstår som ynkelig og kjem til kort med hensyn til eige verd.

Vi kan oppsummere Aristoteles si forståing av det å vere stolt ved å seie at ein slik person er opptatt av å leve åpent og ærleg, å gjere det som er rett og av å

søke sannheit. Han/ho sparer ikkje på seg sjølv i krevjande situas- jonar, men utviser eit godt skjøn slik at ingen vert utsett for unødig fare. Den stolte held seg borte frå urett og tek avstand frå det som er skammeleg. Alt dette kan tene som gode retningslinjer for god sjuke- pleie.

#### STOLT SJUKEPLEIAR

Kva er sjukepleiarar stolte av? Eit søk på Google Scholar med termen «Nursing AND proud» ga om lag 100 000 resultat. Mange ulike forhold kom fram og dei kan oppsummerast med at sjukeplei- arar kjenner seg stolte over faget og historia vår, og vi kjenner oss stolte når vi opplever at vi gjer ein god forskjell for pasientar og pårørande, i kollegasamarbeid og i helsevesenet i det heile. Ofte handlar det om at sjukepleiaren er fagleg dyktig kombinert med å vere modig (Giske 2012) og tyde- leg (Giske & Jalloh 2012).

Her er litt meir konkret om dei forholda sjukepleiarar i google scholar-søket sa gjorde dei stolte:

*Vi har ei flott historie med modige og dyktige kvinner som har gått*

*før oss. Florence Nightingale bar fakkelen for sjukepleie og omsorg for pasientane*

*Å kunne gjere ein forskjell og å ut- føre sjukepleie av høg kvalitet*

*Pasientar treng og ønsker å bli trøsta. Kunsten å kunne trøste er viktig og det er godt når praktikarar oppdagrar den stolte tradisjonen moderne sjukepleie bygger på*


*Å vere ein kompetent sjukepleiar med stort fagleg ansvar*

*Vi er ryggraden i omsorga for pasientar, også når arbeidskrava i helsevesenet aukar*

*Vi er den einaste gruppa i helse- vesenet som jobbar med pasientar 24 timer i døgnet*

*Vi blir stolte når vi ser at sjuke- pleiarstudentar er villige til å etablere ein relasjon til pasientar og at dei ser på pasientar som personer som dei opprettar ein menneske-til- menneske-relasjon til*

*Sjukepleiarar er stolte når småbarn klarer å drikke av kopp, når dei klarer å ete sjølve og gå på toalettet*



Illustrasjon: Hege Johanne Pedersen

## *Sjukepleie i fengsel – ei sjukepleierolle til å vere stolt av*

*Eg er stolt av å vere ein omsorgsfull heimesjukepleiar*

*Integriteten til sjukepleiarar: Endeleg er SARS-epidemien over og eg er så stolt av det motet sjukepleiarane på Taiwan har vist i denne tida*

Uttrykka for anerkjenning av ein sjukepleiar, som gjer at vi kjenner oss stolte, kan bli sagt på ulike måtar som: «Eg hørde at du gjorde ein god jobb», «Avdelingslegen var veldig stolt av den profesjonelle måten du reagerte på i den kritiske situasjonen» eller «Den fortvilte pasienten kjenner seg mykje betre etter at du hadde ansvaret for han»

### STOLT KRISTEN SJUKEPLEIAR

Stolt sjukepleier, eit krevjande ordpar å forstå. Stolt kristen sjukepleiar kan vere vanskellegare å kome til rette med. Bibelordet «Gud står dei stolte i mot, men dei audmjuke gjev han nåde» les vi i 1. Pet. 5:8. Korleis kan vi forstå dette i ein fagleg samanheng? Er det ikkje plass til kjensla av å vere stolt som kristen sjukepleiar? Og dersom det er det, kva kan den kristne sjukepleiaren vere stolt av?

Eit søk på "stolt" i [www.bibelen.no](http://www.bibelen.no) i 2011 utgåva ga 33 treff fordelt på det gamle (GT) og det nye testamentet (NT). I GT finn vi fleire referansar til det å vere stolt, og dei fleste av dei omtalar mennesket som stolte som noko negativt. Vi finn stoltheit lista

opp saman med hovmod, med det å vere frekke og tenke stort om seg sjølv (Jes. 16:6, 23:9, Jerm. 48:29, Dan 5:20). Positiv omtale av det å vere stolt finn vi når det vert henvist til Gud, og at ein har forstand og kjenner Herren (Jerm 9.23-24). I 2. Kor10:17 finn vi det same: «Den som er stolt skal vere stolt av Herren.» Slutten av vers 17 gir oss eit hint: "Den som Herren gjer lovord". Kven er det Gud gir lovord? Herren gir lovord om den som står si prøve, med andre ord den som lever slik Gud vil vi skal leve. Om vi går til henvisninga i det gamle testamentet les vi dette: «Den som vil vera stolt av nokon skal vere stolt av dette: at han kjenner meg, For eg er Herren som viser miskunn, rett og rettfærd på jorda. Ja, slik vil eg ha det, seier Herren» (Jerm. 9:24). Den som er medarbeidar for Gud slik at verda blir etter hans vilje (vise miskunn, rett og rettfærd) kan vere stolt av det.

Paulus skriv mykje om stoltheit, særleg i breva til Korinterane. Han viser til at han har god grunn til å vere stolt for korleis han har jobba blant dei. Likevel er han ikkje det. Paulus seier derimot at han er stolt av veikskapen sin. Kvifor tenker han slik? Veikskapen til Paulus gjer at han ikkje tenker høgare om seg sjølv enn han bør gjere, den er god medisin mot å bli hovmodig. Nøkkelen til Paulus sin måten å tenke på finn vi i 2. Kor 12,9 – han innser at han er veik og det gjer at han erkjenner at han er avhengig av Guds kraft. Dette var ingen lett innrømmelse for Paulus. Han kjempa med Gud og bad om å sleppe å leve med veikskapen. Paulus viser oss her ein viktig forskjell på at Gud høyrer bønn og at Gud svarer på bønn og gir oss det

ein ber om. Paulus bad tre gangar og Gud hørde bønene hans. Men svaret han fekk var eit anne enn det han bad om. Paulus innser til slutt at Gud handlar klokt med han. Nåden og Guds kraft var nok for han.

### AVSLUTNING

Den gode kjensla av å vere stolt kjem når vi får vere med på noko som er viktig og om kjennes som vesentleg. Ofte er det forhold der vi kjenner på at det kostar noko for oss å stå i ein situasjon som krev at vi er eller handlar til det beste for andre. Det kan vere både små og store forhold, men kjerna i det ser ut til å vere at vi forstår at vi er med på å gjere ein viktig forskjell for pasient, pårørende og/eller kollega.

Gode kunnskapar og haldningar saman med erfaring og trening hjelper oss til å gjere det rette til rett tid. Bibelen maner oss til å ta Guds blick med oss også inn i sjukepleiekvardagen og sjå på situasjonar, pasientar og kollega slik han ser på dei. Gud har lova å vere med og han gir visdom og krefter til å stå i det som er rett og god, også når det er vanskeleg. Nettopp det å ta Gudsperspektivet med inn i sjukepleien kan hjelpe oss til å unngå å bli sjølv gode eller til å undervurdere oss sjølve; det gir hjelp til å ha eit rett og verdig vurdering av vårt eige arbeid.

#### Litteratur:

Aristoteles (1999) den Nikomakiske etikk. Oslo: Bokklubben dagens bøker.

Bibelen

Giske T. (2012) Mot & sjukepleie. Tidsskrift for fag og tro, 30(1), 4-5.

Giske T. & Jalloh E. (2012) Tydelig sjukepleiar – korleis og for kven? Tidsskrift for fag og tro, 30(2), 4-6.